



Ingvard Charles Haug
Radøyvegen 1667
5936 Manger

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/2171 - 23/679

Saksbehandlar:
Roger Fanavoll Fjellsbø
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.
no

Dato:
03.01.2023

Varsel om synfaring - gbnr. 445/364 Manger nedre

Tiltak: Varsla synfaring
Byggjestad: Gbnr. 445/364 Manger nedre
Tiltakshavar: Ingvard Charles Haug

Orientering om synfaring på eigdommen tysdag 17.01.23 kl. 14:00.

Viser til vårt brev av 06.04.2021 der vi opplyser om at kommunen har observert at det står ein god del militær- og motorkjøretøy parkert på eigdommen din, med adresse Radøyvegen 1667, 5936 Manger, gbnr. 445/364.

Viser og til e-post frå deg datert 28.04.2021 der du gjer ei orientering om tilhøva på eigdommen og kva for planar du har med kjøretøya.

Det vart avtalt synfaring på eigdommen den 26.08.21, men denne vart utsett på ubestemt tid.

Mynde:

Kommunen har, i henhald til forureiningslova § 48, ansvar for å føre tilsyn med handtering av avfall. Kommunen vil difor undersøke om tilhøva er i strid med forureiningslova § 7, eller i strid med forureiningslova § 28.

Vi planlegg å gjennomføre synfaring på eigdommen din **tysdag den 17.01.2023 kl. 14:00**. I følgje forureiningslova § 50, som gjeld rett til gransking, skal kommunen ha uhindra åtgang til eigdommen. Vi ber om at du møter oss og er til stades under synfaringa, slik at vi kan avklare saka nærmare. Viss tidspunktet ikkje passer, ber vi om at du tar kontakt snarast for å avtale eit nytt tidspunkt.

Kva skjer under ein synfaring?

På synfaringa vil vi stadfeste dei faktiske tilhøva på eigdommen. Vi gjer merksam på at det ikkje vil bli konkludert noko om saka under synfaringa.

Kva forventar vi av deg før og under synfaringa?

Vi ber om

- at du er til stades under synfaringa, slik at vi saman kan avklare saka nærmare
- at du gjer oss tilgang til dei kjøretøya som er dekt av presenning med tanke på å få ei oversikt over kor mange av dei som er godkjente, og tilstanden til bilane.

Retten kommunen har til å komme på synfaring

Kommunen har rett til å komme på synfaring uten å bli hindra, jf. forureiningslova § 50.

Har du spørsmål?

Dersom du har spørsmål til saka, kan du ta kontakt med sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på epost:

- post@alver.kommune.no
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

Aktuelt regelverk:

- Kommunen har forureiningsmynde etter forureiningslova § 48
- Plikt til å unngå forureining eller ulovleg oppbevaring av avfall følgjer av forureiningslova §§ 7 og 28.
- Rett til gransking følgjer av forureiningslova § 50.
- Rett til innsyn i saka følgjer av forvaltningslova §§ 18 og 19.

Ved all vidare kontakt i saka ver vennleg og referer til **saksnr: 21/2171**.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ingvard Charles Haug

Radøyvegen 1667

5936

Manger